



Arkivnr: 2014/2-17
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		13.03.2014

Utvikling av nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi

Samandrag

Bergen tekniske fagskole søkjer om løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi. CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland har utarbeidd og fått godkjent av Innovasjon Norge ein hovudprosjektsøknad for blant anna å utvikle eit fagskuletilbod innan fagområdet.

Hordaland har eit av dei sterkaste miljøa i landet innan CNC-maskinering. Miljøet er langt framme i høve til automatisering/robotisering. Mange av aktørane er knytt til den maritime klynga og offshoreklynga, men det er også fleire andre aktørar. I Hordaland er det stor mangel på CNC- og robotoperatørar og så godt som ingen tilgang på nytt personell med fagskuleutdanning, bachelor og master på fagfeltet. På bakgrunn av saksframlegget vil administrasjonen tilrå at Hordaland fagskulestyre gjev Bergen tekniske fagskole løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC- og robotteknologi.

Forslag til vedtak

Bergen tekniske fagskole vert gjeve løyve til å utvikle eit nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Hovedprosjektsøknad CNC og robotteknologi

Fylkesrådmannen, 19.02.2014

Bergen tekniske fagskole søker om løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC og robotteknologi. CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland har utarbeidd og fått godkjent av Innovasjon Norge ein hovudprosjektsøknad for blant anna å utvikle eit fagskuletilbod innan fagområdet. Bergen tekniske fagskole og representantar frå Hordaland fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga og næringsseksjonen har delteke i referansegruppa for utviklinga av søknad til Innovasjon Norge (søknad ligg som vedlegg til saka). Søknad om prosjektet "Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland" er godkjent av Innovasjon Norge og blir hovudprosjekt i programmet til Innovasjon Norge: "Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljøer". Prosjektet har ein budsjettramme på 6 millionar, og det er innstilt til å få 3 millionar frå Innovasjon Norge.

Hordaland har eit av dei sterkaste miljøa i landet innan CNC-maskinering. Miljøet er langt framme i høve til automatisering/robotisering. Mange av aktørane er knytt til den maritime klynga og offshoreklynga, men det er også fleire andre aktørar. I Hordaland er det stor mangel på CNC- og robot-operatørar, og så godt som ingen tilgang på nytt personell med fagskuleutdanning, bachelor og master på fagfeltet.

Hordaland fylkeskommune har vore ein viktig samarbeidspartnar for å etablere Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule. Kompetansesenteret er etablert i tett samarbeid med næringsmiljøet som også er aktive i rådet for kompetansesenteret. I 2013 løyvde fylkeskommunen 1,5 millionar over 3 år til ein ekstra instruktørstilling ved kompetansesenteret. Næringsmiljøet har på si side løyvd 0,5 millionar til dette føremålet. Kompetansesenteret ønskjer å bidra til hovudprosjektet med 75 % av denne stillinga i prosjektperioden på 1,5 år.

Bergen tekniske fagskole har i dag tilbod innan både maskinteknikk og automasjon som vil kunna danne grunnlaget for å utvikla eit nytt tilbod innan CNC og robotteknologi. Bergen tekniske fagskole ser føre seg at det vert eit deltidstilbod over 3 år, og vil ikkje kome på toppen av dagens totale fagskuletilbod. Tilbodet kan alternere med liknande nettutdanningar, det vil sei at ein kan opprette etter behov innanfor dagens rammer. Det er ikkje teke endeleg stilling til kor tilbodet skal vere plassert, og det er mogleg at tilbodet kan verte gjeve med undervisning både ved Bergen tekniske fagskole og ved Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule.

På bakgrunn av saksframlegget vil administrasjonen tilrå at Hordaland fagskulestyre gjev Bergen tekniske fagskole løyve til å utarbeide eit nytt fagskuletilbod innan CNC- og robotteknologi. Før det vert fremja søknad til NOKUT bør Hordaland fagskulestyre på nytt vurdere tilbodet i høve til form og lokalisering av utdanninga.